

ARBEIDSGRUPPE 40

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport nr 40 -Femdagars skuleveke



1. Mandat og rammer

Vurdere moglege konsekvensar og effektar av overgang til 5-dagars skule for alle

Arbeidsgruppa har hatt som oppdrag å sjå på moglegheitene for å få til 5-dagars skuleveke for alle i Vinjeskulen. Me har sett på kva som skal til for endre frå dagens ordning med fri på torsdagar kvar torsdag i 1. og 2. klasse og fri annankvar torsdag for 3.-7.klasse.

Gruppa har vurdert konsekvensar ved omlegging og tiltak for å fylle skuledagane med fornuftig og likeverdig tidsbruk sidan kring 50 % av elevane våre er avhengige av skuleskyss. I tillegg har det vore eit fokus på at full skuleveke vil kunne understøtte arbeidet i kommunen med heildagskultur for tilsette.

2 Organisering og gjennomføring

Anders Sandvik	Kommunalsjef oppvekst	Leiar for gruppa
Aud-Lillian Hustveit	Rektor Rauland skule	Arbeidsgruppedeltaker
Gisle B. Espedalen	Rektor Åmot skule	Arbeidsgruppedeltaker
Rune Sudbø Tveito	Rektor Edland skule	Arbeidsgruppedeltaker
Maria Bruleite Bjåen	Oppvekstsjef Øyfjell os.	Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppa har i perioden april-juni sett på kva det vil krevje av kommunen og skulane å legge til rette for denne omlegginga. Det er relativt store endringar for Vinjeskulen som grip inn i kvardagen til både elevar, tilsette og familiar som krev ny organisering. Det har vore viktig at skuleleiarane og administrasjonen har sett på korleis me kan løyse utfordringar og ta ut effekt av ei omlegging til 5-dagars skuleveke. Det er kjennskapen til Opplæringslova, fagplanar og lokale tilhøve som har vore viktig å tufta utgreiinga på. Få av elementa som kjem fram er sjablongmessige som ein kan setje inn i matriser.

3.0 Utgreiing

Å endre dagens ordning med 4 dagar skule for 1. og 2. klasse, samt fri annankvar veke for resten av barnetrinnet er eit grep som vil kunne gje betre ressursutnytting. Det vil få relativt store konsekvensar for familiar og korleis dei kan/må rigge seg. Per i dag er det omlag 60 andre kommunar som har 4-dagars skule for 1. og 2.kl, men få eller ingen som har fri annankvar veke for 3.-7.kl. Spørsmålet har vore oppe tidlegare og er stadig relevant sidan det sidan 2006 har vore innført eit heilt ekstra skuleår i timar på barnetrinnet 1.-7. klasse. Samstundes har me uansett eit skuleskyssbehov og -ansvar som i stor grad har styrt skuledagane våre. Vinjeskulen har innanfor skyssen fylt opp dagane etter kvart som timar har blitt lagt til frå statleg hald, slik at me no har heilt fulle dagar. Kring 50 % av elevane i Vinjeskulen har skuleskyss i dag.

3.1 Beskriving av tiltak

Arbeidsgruppa har vurdert kva som skal til for å gjennomføre tiltaket, korleis me kan gjennomføre, ulike løysingsframlegg og kva for konsekvensar omlegging til femdagars skuleveke for alle vil gje.

Effekt på SFO, bemanning, kapasitet, opningstider - Fem kortare skuledagar

- Endra opningstider som til dømes 07.30-09.00 og 13.00-16.30 (ca)
- Lengre og betre øktar på ettermiddag som kan gje eit betre tilbod for barna.
- Fleire barn vil truleg bruke SFO på ettermiddag - særleg 1.-4. kl

- Truleg vil me måtte auke bemanninga på SFO som fylgje av fleire barn og lengre økter.
- Betre høve til samarbeid mellom tilsette i skule og SFO i planlegging og gjennomføring.
- Tilsette vil kunne få ein betre samansett dag ved å kunne gjennomføre større grad av tidleg- eller seinvakt der ein ikkje må fylle dagane med like mange “mellomtimar”.
- Ein kan sjå SFO i tettare samanheng med skule og uteskule og såleis få ein betre flyt og rytme i både skule- og SFO-dagen.
- SFO-leiarar må ved ein eventuell ny skulevekeordning tidleg med i samarbeidet.

Endringar i samfunnsmodellen – konsekvensar, likestilling og heiltidskultur

- Omsyn til privatøkonomi og familienes val om å vere heime med barn fell bort. Dei vil miste høve til å velje ein dag heime med eigne små skulebarn.
- Ny ordning kan gje fleire barnehagebarn dei fridagane som eventuelt fell bort ved overgang til fem dagar skule, fordi dei erfaringsmessig dag ofte fylgjer eldre sysken i å vere heime på fridagen med foreldre. Dette vil kunne gje auka bemanningsbehov og overfylte barnehagar på torsdagar.
- Omlegging vil legge betre til rette for heiltidskultur og foreldres høve til å ha fulle stillingar

Ressursutnytting i høve plantid og møteverksemd

- Alle tilsette vil bli meir tilgjengeleg for samarbeid og planlegging – særleg på 1.-7. trinn
- Det blir betre vikartilgang ved at lærarane på barnesteget (1. - 7. kl) ikkje får like fulle timeplanar fordelt på 4 men 5 dagar. Gjennomsnittleg undervisningstid for barneskulelærarar er i dag 24 veketimar som då ofte blir til 4 fulle dagar med 6 timar kvar dag.
- Truleg blir det enklare å få på plass møte med kollegaer og eksterne innanfor ordinær arbeidstid utanom undervisning, fordi det finst mellomtimar i ei femdagarsveke.
- Ein romslegare skulekvardag med mindre pakka timar for elevar og lærarar vil truleg kunne gje betre undervisning, betre kår for fagleg samarbeid og betre ressursutnytting som i sum kan gje betre læring. Dette krev likevel at ein medvite utnyttar potensialet ei ny ordning kan gje. Det vil krevje nye tankar, fleksibilitet og kanskje ny kompetanse.

3.2 Konsekvenser av tiltak

Som tidlegare nemnt er det langt vanlegaste i Noreg at barna går på skulen fem dagar i veka. Slik sett er nok ikkje dette særleg risikabelt. Likevel ser me både positive og negative aspekt ved ei endring frå dagens organisering.

Pedagogiske konsekvensar

- Ulik skuledagsoppbygging for småskule, mellomtrinn og ungdomsskuletrinn kan betre tilpassast aldersgruppene. Det er for tida stort fokus på meir lek inn i skulekvardagen.
- Meir luft i timeplanane for lærarar når det kan fordelast på barnetrinnet - større moglegheit til å utnytte læraranes fagekspertise.
- Det er samansett om effekten av lange dagar og det å faktisk ha ein dag utan undervisning. Skulane opplever ofte at barna har godt av ein fridag på torsdag og at dei er meir opplagde og mottakelege på fredagen etter fri. Samstundes blir mange elevar slitne av lange sekstimarsdagar som er fullpakka med undervisningstimar.
- Det er usikkert om me vil få mindre slitne elevar og tilsette med kortare dagar utan ein fridag innimellom.
- Betre høve til å finne samarbeidstid for tilsette.
- Betre timeplanar når ein kan fordele fag, repetisjon og heimearbeid på fleire dagar. Dei fleste pedagogiske prinsipp understøtter hyppige repetisjonar. Ein meir fleksibel timeplan med luft vil gje betre høve til å fordele dei tyngre teorifaga kvar dag.

- Noko større pedagogflyt på tvers av hovudtrinn, då alle lærarane vil få romslegare timeplanar. Me får då større moglegheit til å utnytte folks ressursar og talentar betre – «godfotteorien».
- Ved ei omlegging til femdagarsveke må ein uansett ha fokus på kvaliteten i skularbeidet og trivsel for elevar og tilsette.

Andre endringar som må til for å utnytte ny kvardag / demme opp for ulemper:

- Sidan så mange elevar er avhengige av skyss, ser det ut til at det mest rasjonelle er at me måtte fylle opp dei siste 6 timane til småskuletrinnet og tre siste timane til mellomtrinnet. Dette fordi 5.-7. klasse har 27 timar i veka, medan ungdomsskulen har 30. Utan skyssbehov kunne me ha gjort som byane og fordelt undervisninga utover med 4-5 timar kvar dag. Dette med fleire skulekøyningar om dagen er prøvd for statsforvaltar tidlegare og konkludert med at vil måtte gje ei ikkje-finansiert midtskyss. Det betyr at Vinje kommune vil måtte organisere og koste heile den ekstra skyssen utover før- og etterskyssen som er i dag. I dagens ordning betalar me berre for billettane som fylkeskommunen seier utgjør 10 % av reelle kostnader for rutetilbodet. Midtskyss er uaktuelt då dette vil meir enn doble utgiftene som allereie er på ca 2,5 millionar. Med fulle dagar for barnetrinnet ville me fått ein dag ekstra skyssbehov for 1. og 2. kl samt ein halv dag ekstra skyssbehov for 3.-7.klasse.
- Ei vesentleg auke av SFO-barn kvar dag vil kunne utløyse større arealbehov. Truleg ville ikkje dette krevje ombyggingar men legge beslag på nyttig undervisningsareal. Det krev i så fall ei eiga utgreiing.

Dersom Vinje kommune innførte femdagarsveke, ville det legge til rette for ein ny rigg av skulekvardagen på barnetrinnet med leksehjelp, andre aktørar eller andre organiseringsmåtar. Det ville opna opp for nye tankar og meir fleksibilitet. Ein kan tenkje seg ulike scenario som me ikkje går langt inn i her. Likevel peiker me på det som kanskje er mest innlysande løysingsframlegg.

- Inntil 5 timar undervisning dagleg og tre dagar med leksehjelp før SFO for å unngå «urettferdig» løysing med at dei som er avhengig av skyss blir påtvunge lengre dagar. Leik og fysisk aktivitet på starten av dagen (Hjernevenleg oppvekst – nevrobiologisk metode)
- Fast dagsrytme for 1.-4. trinn med oppstart med leik på SFO og undervisning ca kl 9.15 -13.45 kvar dag. Deretter SFO/leik/uteskule for alle fram til skuleskyss eller SFO-slutt kl 16.30.
- Seks skuletimar kvar dag som ytre ramme, men med innslag av frileik, kulturskuletimar, samarbeid med idrettslag/korps/foreiningar i løpet av dagane.

Oppsummerende tabell

Navn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1. Femdagars skule for alle	Alle elevar frå 1. - 10. Klasse
2. Ny obligatorisk leksehjelp	Likebehandling av elevar i høve lengde på skuledagane i samband med skyss
3. Unngå «fyltitar» for tilsette på SFO	Ved å ha lengre ettermiddagsøkt med SFO vil me kunne spare inn ved unngå «delt dagsverk». Jobbe tidleg eller seint. I dag har det vore nyttig å fylle opp stillingar for å gjere SFO-arbeidsplassar attraktive nok og ikkje måtte ty til delt dagsverk eller små %-stillingar.

4. Gevinstrealisering

Arbeidsgruppa kan ikkje sjå at det er mogleg å identifiser mogleg innsparing som ikkje samstundes generer større utgifter.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	
			<i>Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert</i>
1. Femdagars skule for alle	Ingen		Vil gje auka kostnad på skyss, bemanning og skulemat
2. Ny obligatorisk leksehjelp	Ingen		Vil gje auka kostnad på bemanning
3. Unngå «fylltimar» for tilsette på SFO	Minimal		Uvisst om ein kunne unngå såkalla fylltimar, fordi det truleg ikkje ville lange nok økter til å bli attraktive stillingar med for kort opningstid og delt dagsverk ikkje er aktuelt.

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
Arbeidsgruppa kjem ikkje med endringsframlegg som vil kunne gje innsparing i denne omgang. Likevel er det aktuelt ved seinare høve å sjå på om tida er moden for å sjå på spørsmålet om femdagarssskule på nytt. Ein vil i ei totalvurdering måtte ta stilling til om dette er sosialt og samfunnsmessig økonomisk berekraftig og ynskjeleg.	Det blei tidleg i prosessen klart at ei omlegging ikkje vil vere eit innsparingstiltak i kommunekompassarbeidet, og at det er vanskeleg å seie noko konkret om dei framtidige økonomiske konsekvensane. - Truleg fleire ungar på SFO som kan krevje auka bemanning - Stor auke på skuleskyss uansett korleis ein riggar seg. Millionbeløp uansett løysing. - Vil gje fleire timar til dekking av lengre dagar – auka lønsutgifter. - Endringar i samfunnet med å fjerne familiane moglegheit for å kunne vere heime ein dag med eigne barn. - Auke kvaliteten på SFO-tilbodet ved å ha lengre økter. - Betre moglegheiter for samarbeidstid for lærarar på barnetrinnet - Truleg betre kvalitet på undervisning og opplæring - God understøtte i arbeidet med heiltidskultur